

Referat frå styremøte torsdag 03. november 2016 kl. 10.00 – 14.00 Møtet vart halde på Fellekjøpet på Lillehammer.

Deltakarar:

Styret: Arnfinn Beito, Ellen M. Syse, Anne Kari Veikleenget, Bjørn Even Stenberg, Pål Eiesar, Berit L. Kaltoft og Pål Kjørstad.

I tillegg møte Martin Mostue og Ulf Skårholen frå styret i Hedmark Sau og Geit i 62/2016

Sakliste:

Sak 61/2016: Referatsaker

- Referat frå styremøte 17.08.2016, var vedteke pr. mail og lagt ut på heimesida før.
- Info og status NM i saueklipping og ullhåndtering v/Pål Kjørstad. Arrangementet gjekk så bra som det kunne gå. Det har kome mange positive tilbakemeldingar i ettertid. Det vert eit lite overskot, og det vert laga ein rapport i samband med rekneskap så snart siste fakturaene er på plass.
- Det vart arrangert ein møteserie vedrørende info og hjelp til søknad om erstatning av skada og tapte dyr til freda rovvilt i haust. Møtene var på Fagernes, Lygna, Øyer og Otta. Arnfinn møtte på 3 stadar, Pål på 2 og Ellen på 1. Det møtte omlag 30 personar på alle 4 arrangementa. Her har vi også fått berre positive attendemeldingar. Vi kunne nok tenkt oss fleire frammøtte, men vi tenkjer at den generelt ”rolege” beitesesongen var årsaken til dette.
- Representantskapsmøte i NSG 19/10 2016. Arnfinn og Pål refererte frå møtet, sjølve referatet er til underskriving enda, men vert lagt ut etterkvart.
- Vi er invitert til leiarmøte i Oppland Bondelag 21-22/11 2016, Arnfinn møter.
- Arnfinn er sett opp som meddommar i ei sak på Sør-Fron der medlemmar i Sør-Fron Sau og Geit er partar. Styret i OSG kan ikkje sjå at denne saka har nokon direkte tilknytning eller andre tilhøve som gjer at Arnfinn som leiar i OSG ikkje kan gjera samfunnsoppgåva si i denne saka.

Sak 62/2016: Årsmøtehelga 2017

HSG og OSG skal halda felles årsmøtehelg på Spidsbergseter 3.– 5. mars 2017, og har bestilt førebels rom til 200 personer. Fristane for arrangementet: Avbestilling arrangement 12 veker før, endring av tal personar 6 veker før og namneliste må vera inne 20 dagar før arrangementet. Pål prøver å endra at vi kan ha endring av tal personar til 4 veker før i staden for 6, da årsmøta i lokallaga stort sett er halde rundt 1. februar.

Arrangementet skal stort sett ha same opplegg som i fjor m/dette reviderte og meire konkrete programmet:

Fredag 03/03:

- kl. 12.00: Styrene/arrangør møter: Lunch/førebuingar
- kl. 16.00: Årsmøter i Ring 30 og Ring 41
- kl. 17.45: Orientering frå Gudbrandsdal Uldvarefabrik v/Ragnvald Svarstad
- kl. 18.00: Foredrag om ull v/Brita Rusten Åmodt, Norsk Husflidslag
- kl. 19.00: Pause
- kl. 19.30: Middag

Laurdag 04/03:

- kl. 09.00: Årsmøter i HSG og OSG

- kl. 14.00: Årsmøter i Hedmark Gjeterhundlag og Oppland Gjeterhundlag
- kl. 15.30: Seminar om marknadssituasjonen, ordstyrar: Håkon Marius Kvæken
- kl. 15.35: Innleiar frå Nortura, Arnfinn Beito har ansvaret med å finna denne
- kl. 16.15: Innleiar frå kjedene, ansvar, Arnfinn har ansvaret her òg.
- kl. 16.45: Debatt
- kl. 17.30: Positivt prosjekt "Ny Giv" frå Hordaland, v/Nils Inge Hitland
- kl. 19.00: Premiesamling
- kl. 19.30: Årsmøtemiddag

Søndag 05/03:

- kl. 09.00: Seminar med tema elektronisk overvaking i fjøs og utmark, og elektroniske vekter/lesestavar i forhold til sauekontrollen.
- kl. 09.00: Kameraovervaking v/Grene, ansvarleg Martin Mostue
- kl. 09.25: Droner v/William Bomann i Møre UAS
- kl. 09.50: Elektronisk overvaking v/Findmysheep
- kl. 10.20: Overføringar av data mellom ulike system i LedSau, v/Per Lindholt, ansvarleg for desse 3 Ulf Skårholen
- kl. 10.40: Lesestav og elektroniske merker v/OSID, ansvarleg Martin Mostue
- kl. 11.00: Pause med utsjekking
- kl. 11.30: Elektroniske system i forhold til sauekontrollen v/Animalia
- kl. 12.00: Løysingar frå Fjøs-systemer v/Knut Evensen, ansvarleg for desse 2 Pål K.
- kl. 12.25: Løysingar frå Grobakken Landmek v/Knut Bergene, ansvarleg Arnfinn B.
- kl. 12.50: Vel heim
- kl. 13.00: Avslutning og lunch

Alle innleiarane kan ha stands under heile helga.

For hotellet sin del treng vi da hovudsalen med/veslesalen bak. Dette kan vi dela frå under årsmøta, slik at laga frå Hedmark har sine møter der. Det vart òg bestemt at hotellet sørger for musikk i salen i "låven" og at akkevitt-fjøset er ope ei bestemt tid.

Påmelding til arrangementet vart bestemt med førehandsbetalt påmelding, men at vi lagar færre påmeldingsalternativ. Dette blir:

- Fullpakke: Heile arrangementet inkludert alt.
- Dagpakke fredag inkludert middag.
- Dagpakke laurdag inkludert årsmøtemiddag.
- Dagpakke søndag inkludert lunch.
- Overnatting fredag til laurdag inkludert frokost.
- Overnatting laurdag til søndag inkludert frokost.

Til eit såpass tettpakka program må møteleiar vera bestemt og streng. I tillegg skal Pål Kjørstad ha ansvaret for at innleiarane kan starta presentasjonen sin raskt, og det vert gjort ved at vi får minnepenn eller legg inn foredrag på ei maskin i forkant.

Sak 63/2016: Innsendingssaker til NSG

- a) Forslag til kandidat til "Gjeter'n". Styret drøfta kandidatar og hadde ein kandidat på blokka. Vedtak: Styret i OSG ber styret i Oppland Gjeterhundlag om å senda ei innstilling i saka til styret i OSG innan 15/12 2016.
- b) Forslag til kandidat til "Gromsau". Kandidat vart nemnt og Pål har ansvaret for å henta inn bakgrunnsstoff.
- c) Forslag til kandidat til "Lykleprisen". Ingen kandidat vart funne.
- d) Forslag til kandidatar til tillitsverv i NSG. "Valgnemnda i NSG ønsker tilbakemeldingar på leders, styrets/varamedlemmers, ordførers/varaordførers og

direktevalgte geitrepresentanters arbeid. Hvem bør sitte og hvorfor og hvem bør evt. skiftes ut og hvorfor.” Frist 15/11 2016.

OSG ønsker gjenvalg på Pål Kjørstad

OSG ønsker ein meir engasjert geiterepresentant inn i styret og sender forslag på Hallvard Veen.

OSG meiner at det er viktig at leiar i NSG har ein fot innanfor/god kontakt med Bondelaget og Bonde- og Småbrukarlaget. Leiar i NSG må stilla på representantskapsmøta i Norges Bondelag.

Sak 64/2016: Rovviltsaker

Viser til møteserien om info og hjelp til rovviltsøknaden, der vi bestemte at Arnfinn skulle senda ei helsing og ein takk til FMOP v/Tremoer.

Oppland Sau og Geit og Oppland Radiobjøllelag er invitert til møte i Rovviltnemnda 21/11 2016 under temaet evaluering etter beitesesongen i 2016, Pål møter.

Sak 65/2016: Saker frå Ring 41/avlsutvalget

Arrangerer møte med ringane og dommarane 9/11 2016 i Øyer, Anne Kari møter.

Stort sett positive attendemeldingar etter kåringane i haust. Litt kluss grunna flytting av dato i Valdres da det kolliderte med Vågå. Det kom krav om rasegodkjenning som haust på kåringslam av rasa GNS. Besetningar som ikkje fekk godkjenning i orden før kåringa fekk utfordringar med dette. Det skulle vore ute informasjon om dette før, og eventuelt skulle det vore mogleg og fått dispensasjon 1 år til. Det er vanskeleg eller stort sett umogleg å luka ut ikkje-medlemmar av NSG ved påmelding til kåring. Rådgjevarane kan ikkje ta på seg dette arbeidet. Alle verar i ringssystemet er nå seld, det står att berre nokre kåra lam.

Sak 66/2016: Geitesaker

NSG må setja saka kring forholdstal for geitemjølkk på dagsorden. OSG meiner at det er viktig å visa at næringa sjølv tek tak.

Vedtak: OSG sender dette inn til NSG.

Sak 67/2016: Saker Oppland Radiobjøllelag

Alle har nå betalt. Det er sendt søknad til FMOP på restmidlar av FKT-midlar 16/10 2016.

Sak 68/2016: Saker Oppland Gjeterhundlag.

Fylkesmester i Oppland vart Jan Briskeby med Arja, medan Torkjel Solbakken med Sweep og Nicky tok 2. og 3. plassen. Her var det stor deltaking.

I NM kom berre ei ekvipasje frå Oppland til finale, og det var Torkjel Solbakken m/Slip som enda på 14. plass. Oppland har mange gode ekvipasjar nå, og det hadde vore ønskjeleg med fleire i finala. Vi må erkjenne at sjølv med stor breidde har vi få ”toppar” nå. Men det er svært positivt med at mange tek bruksprov, at aktiviteten er stor og at mange nye hundar /førarar er på gang.

Høyring angående avlsråd for Working Kelpie.

Vedtak: I samråd med styret i Oppland Gjeterhundlag blir det sendt inn forslag på Sara Nilsen og Camilla Oden som våre kandidatar til desse verva.

Sak 69/2016: Sponsorsaka

Liste over utsende førespurnader om sponing: Animalia, Bekkevold Lyskopi, Disserved fjøs og maskin AS, Fatland, Felleskjøpet SA, Findmysheep, Fjøsysterer, Furuseth AS,

Gjensidige forsikring, Grobakken Landmek AS, Knarrhult, Nessemaskin, Nofence, Norfjordkjøtt, Norgesfôr, Norilia, Nortura SA, OS ID, Sikringsradioen, Sparebank1Gudbrandsdal, Strand Unikorn, Telespor og Tine. Folderane vart sendt utsendt pr. post etter førre styremøte.

Dei som har svara positivt er: Bekkevold Lyskopi (5), Fjøsssystemer (4), Grobakken Landmek AS (2) og OSID (5).

Vi har fått nei frå Gjensidige forsikring.

Det har altså vore liten respons på dei utsendte førespurnadane kring dette temaet.

Vedtak: Vi sender ut sponsorførespurnadane på nytt via e-post med melding om at vi tek telefonkontakt etter 7 dagar. Pål set opp liste over kven som ringer til dei einskilde.

Sak 70/2016: Tur i regi av OSG

Det er planer om tur sommaren 2017. Vi har lagt ut artikkel på heimesida, men det har vore liten respons. Men dei som vil reisa kan tenkja seg Irland, Wales eller Island. Størst respons på Wales, der det er eit stort show slik som Royal Highlandshow i Edinburgh, Skottland. Utstillinga i Wales er stor, men utfordringar med transport og overnatting – dette er betre i Skottland. Det trengs nokon som er kjent til å leggja opp turen. Steinar Volden i Gausdal har vore i kontakt med ein saueklippar som er kjent med Wales-showet.

Vedtak: Styret håper på fleire innspel fram til jul. Vi bør kome i gang med konkret planlegging rett på nyåret om det skal vera realistisk å få til tur til sommaren. Styret og sekretæren jobbar vidare med saka.

Sak 71/2016: Apotekavtale

Det har kome inn forslag på at OSG skal laga ei apotekavtale noko slik som Hordaland Sau og Geit har. Det er ønskjeleg å finna ut meire om dette og korleis ein eventuelt skal gå fram.

Vedtak: Pål Kjørstad tek kontakt med Hordaland Sau og Geit for å høyra korleis avtala deira er, korleis dei gjekk fram og kven og kva ho omfattar. Saka skal leggjast fram på neste styremøte.

Sak 72/2016: Eventuelt.

- a) FM har fått melding om 3 beitebrukarar i Lordalen Beitelag som så seint som fyrste veka i oktober ikkje hadde sankt sauen eller eventuelt hadde sleppt sauen i utmarka att etter sanking. FMOP har vidare sendt saka til Mattilsynet. Styret meiner at slike saker er svært uheldige, da dei er med på å undergrava tilliten til heile næringa. OSG får dermed store utfordringar med korleis ein skal handtera førespurnader om bistand i til dømes klagesaker etter avkorting av erstatning i slike tilfelle.

Vedtak: Styret vil sjå på kvar enkel sak for seg sjølv. Det kan vera ulike årsakar og bakgrunnar, og i tillegg kan dreia seg om varierende tilhøve knytt til beitebruk og vær.

- b) Styret har fått førespurnad frå Rustkjølen beitelag i Nord-Fron om bistand og råd til sak om laushund som har jaga og skadd sau i beitelaget. Saka er meldt til politiet, men henlagt. Beitelaget har anka og ber om råd frå styret i OSG.

Vedtak: Arnfinn tek kontakt med Bondelaget via tilgjengeleg advokatbistand der for å gå gjennom dokumenta i saka.

Lillehammer 03/11 2016

Ellen M. Syse og Pål Kjørstad